



Nissedal kommune

PLAN FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I NISSEDAL KOMMUNE

*Vedteke mars 2015
Revidert oktober 2015*

Innleiing

SFO er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen, der leksehjelp, leik og sosial læring er viktige element. God og sunn mat som gjev god helse blir servert på alle SFO-avdelingane.

SFO er primært eit tilbod til barn i 1.-4. klasse, men føresette til elevar i 5.-7. klasse kan søkje om opptak. Barn med særskilte behov har rett til plass til og med 7. klasse.

Alle grunnskulane i Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO). Rektor er SFO -leiar på SFO ved sin skule.

SFO følgjer skuleruta og held ope dei 190 dagane det er skule. Ferie- SFO blir tilboden i Treungen dersom fem eller fleire elevar tingar plass.

I jole- og påskeferiar er SFO alltid stengt.

Talet på vaksne er avhengig av talet på born i ordninga. Vedtektene seier at det skal vere 1 vaksen per 11-13 born.

På den kommunale heimesida finn du meir informasjon om skulefritidsordninga, mellom anna:


- Vedtekter
- Kommunal forskrift om betalingssatsar
- Søknadsskjema
- Prisar
- Skjema for kjøp av enkeltdagar på SFO

Nissedal kommune er medlem i SFO-nett: <http://www.sfonett.no/>



Satsingsområde

Skulefritidsordninga i Nissedal kommune har fire satsingsområde:



Dei fire satsingsområda kjem til uttrykk i kvardagen i **SFO**. Dagleg har vi organiserte aktivitetar og måltid der dei fire områda gjev retningslinjer for korleis ein planlegg og gjennomfører desse. Ein vil sjå at **SFO** samarbeider tett med skulen og organiseringa av skuledag og **SFO**-dag blir sett under eitt når rektor planlegg aktivitetane i **SFO** med personalet sitt.

Leksehjelp

Me gjev leksehjelp som ein del av skule- og **SFO**-kvardagen. Mykje av tida til leksehjelp blir nytta til lesing, anten individuelt eller saman. Det er av di Nissedalsskulen satsar på lesing som grunnleggjande dugleik.

Fysisk aktivitet

Me følgjer anbefalingane frå Helsedirektoratet som seier at barn og unge burde ha minimum 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag. Det er ikkje alltid at denne timen blir organisert i sfo, men det kan vere at ein del blir gitt i skulen og resten i SFO.

I SFO går me mykje tur i nærområdet og me bruker naturen. Me legg til rette for leik og fellesaktivitetar utandørs og innandørs.

Sosial kompetanse

Grunnskulane i Nissedal kommune er Zero-skular og har nulltoleranse for mobbing. Me veit at til grunn for null mobbing ligg arbeid med gode relasjonar mellom vaksen-barn og barna i mellom. Det er dei vaksne i skule og SFO som legg til rette for gode relasjonar i skule og SFO.

I SFO nyttar me til dømes august og delar av september kvart år til å bygge gode relasjonar mellom barna. Gode relasjonar byggjer på respekt og inkludering.

Sunn mat

Me følgjer kosthaldsråda til helsedirektoratet, og dei finn ein her i denne publikasjonen som også seier noko om fysisk aktivitet: <http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/anbefalinger-om-kosthold-ertering-og-fysisk-aktivitet/Publikasjoner/anbefalinger-om-kosthold-ertering-og-fysisk-aktivitet.pdf>

I praksis betyr det at me vel grove kornprodukt, frisk frukt og grønsaker, sunt feitt og magert kjøtt og fisk når me lagar mat for og med barna i SFO. Det er viktig med haldningsskapande arbeid.

Onsdagar på SFO

Onsdagar er den einaste heile SFO-dagen i løpet av veka. På onsdagane har me eit varmt måltid midt på dagen og er ofte ute på tur. Eigne periodeplanar for onsdagane blir laga gjennom året og levert ut.

Å ha med leiker på SFO

Det hender at borna ønskjer å ha med seg egne leiker på SFO. Dersom ein har med seg egne leiker på SFO, så må alle få lov til å vere med å leike med desse tinga. Slike private gjenstandar tek ein med på eige ansvar. SFO har ikkje ansvar for øydelagte eller bortkomne gjenstandar.

Årshjul

MÅNAD	TEMA	Aktivitetar
August 	Bli kjent Sosial kompetanse	Felles aktivitetar.
September 	Hauste av naturen	Tur i skogen.
Oktober 	Haust Lesing	Tema haust.
November 	Lys	Lyslykter av ulike slag.
Desember 	Joleverkstad	Jolepynt, Nissefest med graut og mandel. Nissepynta born.
Januar 	Snoleik	Ski, aking, snøbygging, osv.
Februar 	Snoleik Karneval	Lage masker. Kanskje til og med karneval?
Mars 	Dyr Påske	Så ulike frø.
April 	Vår	Sjå at det spirer og gror!
Mai 	Grunnlov Demokrati	Raudt, kvitt og blått.
Juni 	Sommar Oppsummering	Avslutte året med is og vaffel.